



Arkivnr: 2014/13889-93
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		20.02.2018

Årsmelding og rekneskap for Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) for 2017

Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2017 for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU). Utvalet har hatt totalt fem møter i 2017, der det eine møtet var lagt til Lindås kommune.

FTU har i 2017 i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet retta mot kommunane gjennom tildeling av tilskot gjennom dei ulike tilskotsordningane og arbeidet med Trafikksikker kommune, og hjertesone i Bergen kommune. Fagleg sett har det vore eit særleg fokus på forankring av trafikksikringsarbeidet i Regional transportplan og Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. I dette inngår også ein handlingsplan for trafikksikring. Av ulike arrangement var fagdag om sykkel og den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane viktige møtearenaer. Utover dette har det vore utdeling av ulike refleksprodukt.

Økonomi: Noko mindreforbruk.

Klima: Ingen.

Folkehelse: Viktig kopling i satsinga på gåande og syklende.

Regional planstrategi: Fokus på trafikktryggleik, gode lokalmiljø og mjuke trafikantar.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tek årsmeldinga og rekneskapet for FTU for 2017 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.01.2018

Fylkesrådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2017 for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU). Utvalet har hatt totalt fem møter i 2017, der det eine møtet var lagt til Lindås kommune.

I Handlingsplan for trafikksikring (2014-2017) var følgjande tre særskilde satsingsområde vedteke:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuka trafikantar i byområde

FTU har i 2017 i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet retta mot kommunane gjennom tildeling av tilskot gjennom dei ulike tilskotsordningane og arbeidet med Trafikksikker kommune og hjertesone i Bergen kommune. Fagleg sett har det vore eit særleg fokus på forankring av trafikksikringsarbeidet i Regional transportplan og Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. I dette inngår også ein handlingsplan for trafikksikring. Av ulike arrangement var fagdag om sykkel og den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane viktige møtearenaer. Utover dette har det vore utdeling av ulike refleksprodukt.

Per januar 2018 var 3,602 mill kr. nytta. I tillegg kjem 770.000 kr som tilskotsmidlar som vil verte utbetalt til kommunane i 2018. Desse midlane er knytt til totalt sju tiltak innanfor tilskotsordninga mindre fysiske tiltak som ikkje vart ferdigstilt i 2017. Det totale mindreforbruket vert då på 628.000 kr.

Satsingsområde og tiltak i 2017

Prioriteringa av midlane til trafikksikringstiltak i Hordaland skal vise tilbake på satsingsområda i handlingsplanen. I 2017 har FTU sitt arbeid i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet i kommunane.

Tilskotsordningane

FTU vedtok i 2017 å tildele tilskot til totalt 27 lokale trafikksikringsarrangement gjennom tilskotsordninga *Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement*. Samla utbetalt tilskotssum i 2017 for denne ordninga var på 774.800 kr. Fire av søkjarane har ikkje levert rapporteringsskjema, og difor ikkje fått utbetalt tilskotet. Talet på søknader og tilskotssummen har hatt ei vesentleg auke i høve til året før. I handlingsplanen (2014-2017) er det lagt opp til at denne tilskotsordninga har ei årleg råde på 800.000 kr. Grunna mindreforbruk i 2016 vart denne i 2017 sett til 680.000 kr.

Tre kommunar fekk i 2017 tildelt tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar gjennom tilskotsordninga *Tilskot til utarbeiding av lokale trafikksikringsplanar*. Tilskotet var totalt på 240.000 kr.

I handlingsplanen (2014-2017) vart det etablert ei ny tilskotsordning for kommunane kalla *Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak*. I 2017 hadde denne ordninga ei råde på 2 mill. kr. Totalt 16 av 36 tiltak, fordelt på 14 kommunar fekk tilskotsmidlar. Totalt vart det gjeve tilskot på 1.999.000 kr. Dei aller fleste tiltaka er på kommunal veg, og retter seg inn mot mjuka trafikantar, og ligg langs skuleveg/tettbygd strok. Det er i stor grad søkt om midlar til fortau, gangfelt, vegljøs og siktutbetring. Per januar 2018 var ti av tiltaka gjennomført, med påfølgjande utbetaling av tilskotsmidlar. Ein stor del av mindreforbruket på FTU-budsjettet er med det knytt til denne tilskotsordninga. Midlane er løyvd opp att til dei resterande tiltaka, og utbetalinga vil skje så snart tiltaka er ferdigstilt i 2018.

Kurs og konferansar for kommunane

I handlingsplanen er det sett av eigne midlar til å arrangere konferansar, og i 2017 vart det gjennomført to ulike konferansar. Den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland hadde eit todelt fokus; fyrste delen retta seg inn mot klima, drift og vedlikehald av vegnettet, medan andre delen løfta problemstillingane knytt folkehelse, effekt av ulike trafikksikringstiltak og trygge skulevegar. Konferansen hadde godt oppmøte med 80 deltakarar. I tillegg vart det arrangert ein fagdag om sykkel i juni i regi av FTU, i samarbeid med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og Bergen kommune. Konferansen vart godt motteke, og hadde nær 90 deltakarar. Posten Kurs og konferansar for kommunane har eit meirforbruk på om lag 46.000 kroner. Dette skriv seg til at fagdagen om sykkel vart lagt til FTU.

Trafikksikringsprisen

Kjell Magne Seim vart tildelt Trafikksikringsprisen 2017 for sin innsats i trafikksikringsarbeidet retta mot ungdom i Kvam herad. Han er ein stor initiativtakar, og ein lagspelar som lyttar og samhandlar.

Trafikksikker kommune

Trafikksikker kommune er eit av dei viktigaste tiltaka i denne handlingsplanperioden. FTU avslutta sitt pilotprosjekt med kommunane Vaksdal, Austrheim og Lindås hausten 2016, og starta samstundes opp arbeidet med å inngå intensjonsavtalar med tre nye kommunar; Bømlo, Sund og Kvinnherad. Bømlo kommune vart godkjent som trafikksikker kommune 22. november 2017. Arbeidet er krev ressursar og god oppfølging. FTU har fått statusmelding om prosjektet på kvart møte. Ved godkjenninga vart det utbetalt 75.000 kr til kommunen. Med bakgrunn i at Sund og Kvinnherad ikkje vert godkjent før i 2018 har posten eit mindreforbruk på 225.000 kr.

Driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland

I Handlingsplanen for trafikksikring for Hordaland 2014-2017 er det vedteke å yte 100.000 kr årleg i driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland.

Refleksprodukt, innkjøp

FTU kjøper kvart år inn eit stort tal refleksar og refleksvestar til utdeling. Politiet og Trygg Trafikk er med i utdelinga av refleksprodukt til skular og barnehagar. Ved utdeling har det vore sett fokus på at skulane og barnehagane skal ha hatt eit opplegg/arrangement rundt refleksutdeling for å auke forståinga for refleksbruk. Sommaren 2016 vart det inngått ein ny rammeavtale for kjøp av refleksprodukt (2+1+1 år). Som eit resultat av ny avtale og lange leveringstider vart det eit stort mindreforbruk i 2016. Dette førte med seg at ein hadde behov for fleire refleksar enn opphavelag tenkt ved budsjettering i 2017, og det er eit meirforbruk på denne posten på 90.000 kr.

Sykkelprosjekt, barn og unge

Tiltaket Fylkesfinalen i sykling, som er omtalt i handlingsplanen, vart avvikla som FTU-arrangement hausten 2015. Prosjektet «Alle barn sykler» i regi av Bergen 2017 (Sykkel VM) arbeider med å auke sykkelkompetansen hjå born og unge gjennom prosjekt på skulane. «Alle barn sykler» fekk etter søknad tildelt 62.500 kr til arbeidet i 2016.

Kampanjearbeid

Det er ikkje utført egne kampanjar i regi av FTU i 2017. I samband med handsaminga av søknad frå Etertankens dag til *Minnemarkering 2017* vart det gjort slikt vedtak:

FTU ønskjer at Hordaland fylkeskommune støttar Etertankens dag, minnemarkering. FTU løyver kr 90.000,- til dette frå den ubrukke ramma til FTU i 2017, og ber administrasjonen om at løyvinga frå og med 2018 ikkje vert teken frå potten trafikksikringsmidlar.

Midlane til denne stønaden vart teke frå denne posten. Posten hadde eit mindreforbruk på 185.000 kr.

Trass i at fylkeskommunen ikkje sjølv har utført egne kampanjar, så bør det vidaregåande kampanjeprosjektet #Er du sikker? nemnast. Dette har FTU gjeve tilskot til via aktivitetsmidlane til Trygg Trafikk. Tre vidaregåande skular i Hordaland deltok; Kvinnherad, Langhaugen og Øystese/Norheimsund.

Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland

Trygg Trafikk Hordaland fekk etter søknad tildelt 730.000 kr i aktivitetsmidlar for 2017.

Diverse

Utover dette er det og nytta midlar til annonsering av tilskotsordningane til FTU i lokalavisene i fylket. Dette vart gjort desember 2017, i samband med utlysing av nye tilskotsordningar. Medlemskontingenten til Trygg Trafikk og utgifter knytt til FTU-møter har også gått over denne posten.

Rekneskap FTU-midlar 2017

FTU gjorde i møte 21. februar 2017 vedtak av budsjett for midlane på 5 mill. kr fordelt på dei ulike trafikksikringstiltaka.

Budsjett- og rekneskapsoversikt for FTU-midlane 2017:

Prosjektpost	Budsjett	Rekneskap
Tilskot til lokale trafikksikringsarr.	680 000	774 800
Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	500 000	240 000
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	2 000 000	1 012 000
Kurs og konferansar for kommunane	55 000	101 750
Trafikksikringsprisen	25 000	25 000
Trafikksikker kommune	300 000	75 000
Driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen	100 000	100 000
Refleksprodukt, innkjøp	200 000	290 750
Sykkelprosjekt, barn og unge	62 500	62 500
Kampanjearbeid	275 000	90 000
Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland	730 000	730 000
Diverse	72 500	100 000
Totalt	5 000 000	3 601 800

Oversikt over dei ulike tilskotsordningane, 2017:

Vedtak	Lokale trafikksikringsarrangement, 2017	Tilskot
21.02.17.	Bømlo kommune	26 000
21.02.17.	FAU Alversund skule	8 000
21.02.17.	FAU/Fridalen skole	40 000
21.02.17.	FAU Kleppe skole	5 000
21.02.17.	Fitjar Frivilligsentral	27 500
21.02.17.	Hanøy Forum barnehage/Askøy kommune	29 292
21.02.17.	Kvinnherad vgs	25 000
21.02.17.	<i>Nordbygdo ung.skule/Stord kommune</i>	<i>(ikkje utbetalt) 35 000</i>
21.02.17.	Odda vgs	5 000
21.02.17.	Stiftelsen Norsk Luftambulans	95 000
21.02.17.	Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)	75 000
21.02.17.	Vaksdal kommune	100 000
21.02.17.	Vaksdal kommune	28 000
07.06.17.	Ettertankens dag Hordaland	35 000
07.06.17.	FAU Hatlestrand skule	15 000
07.06.17.	FAU Sunde barnehage	6 000
07.06.17.	<i>FAU Undarheim skule</i>	<i>(ikkje utbetalt) 10 000</i>
07.06.17.	Kløvheim bygdelag	15 000
07.06.17.	Kvernbit IL	10 000
07.06.17.	Kvinnherad kom., folkehelsekoor.	30 000
07.06.17.	<i>Kvinnherad kom., helsestasjonane</i>	<i>(ikkje utbetalt) 18 750</i>
07.06.17.	<i>Kvinnherad kom., Undarheim skule</i>	<i>(ikkje utbetalt) 15 000</i>
07.06.17.	Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)	50 000
25.10.17.	Knarvikmila v/ UngdomsMila 2017	50 000
28.11.17.	Bømlo vgs	10 000

28.11.17.	Bømlo kommune	30 000
28.11.17.	Os kommune	60 000
	Utbetalt per januar 2018	774 792
	Totalt	853 542

	Kommunale trafikksikringsplanar, 2017	Tilskot
1	Os kommune	40 000
2	Vaksdal kommune	125 000
3	Øygarden kommune	75 000
	Totalt	240 000

	Mindre fysiske trafikksikringstiltak, 2017	Tilskot
1	Askøy kommune	175 000
2	<i>Austevoll kommune</i>	<i>(overført til 2018)</i> 84 000
3	Bømlo kommune	105 000
4	<i>Etna kommune</i>	<i>(overført til 2018)</i> 84 000
5	<i>Fitjar kommune</i>	<i>(overført til 2018)</i> 175 000
6	<i>Fjell kommune</i>	<i>(overført til 2018)</i> 175 000
7	Lindås kommune	60 000
8	Os kommune	175 000
9	Os kommune	70 000
10	<i>Osterøy kommune</i>	<i>(overført til 2018)</i> 112 000
11	<i>Osterøy kommune</i>	<i>(utgår, ført på fond)</i> 147 000
12	Samnanger kommune	<i>(vedtak 140.000)</i> 77 000
13	Stord kommune	105 000
14	Sveio kommune	42 000
15	Vaksdal kommune	175 000
16	Øygarden kommune	<i>(vedtak 175.000)</i> 105 000
	Utbetalt per januar 2018	1 089 000
	Overført til 2018	910 000
	Totalt	1 999 000